

Samhandling i Vest-Telemark

E-meldingsløftet i Vest-Telemarkkommunane.

I statsbudsjettet er det lagt inn store summer til e-meldingsløftet. Samarbeidskommunane i Vest- Telemark har sagt at dei skal satse på e-meldingar innan helse- og omsorg. Både mellom tenestene i kommunen og mellom sjukehusa og kommunane. Helsedirektoratet har lagt strenge krav på utdeling av midlar. Vi har difor fått midlar til prosjektet via skjønnsmidlar til dataopplæring innan omsorgssektoren og via IKT-satsing i Vest-Telemark Rådet på til saman kr 120 000.

Vi startar med Vinje og Tokke, og køyrer i gang e-meldingar, der innkjøp og etablering er ferdig og klar til å ta i bruk. Prosjektgruppa kjem i gang straks etter ferien, då ein fyrst skal delta i eit større kurs om informasjonstryggleik for alle kommunane.

Ein oppretter 2 prosjektgrupper i Vest-Telemark med ei overordna prosjektgruppe leia av Sissel Jacobsen Bitustøyl. Denne vil delta i eit felles prosjektgruppe for heile Telemark. I Midt-Telemark er dei alt i gang med å nytte elektronisk meldingsutveksling og i Grenland har dei arbeidd med eit e-meldingsprosjekt i lengre tid. Vi nyttar erfaringar som er gjort i desse kommunane og samarbeider i heile Telemark i arbeidet vidare.

Samhandling i Vest-Telemark

Dette treng vi mildar til:

- ✓ Grunnleggande innføring i e-meldingsarbeidet v/Ulf Rønneberg
- ✓ Støtte til prosjektetablering
- ✓ Reise til kommunane som er i gang t.d. Midt-Telemark
- ✓ Reise/mat nettverksmøte (her kan vi òg nytte videokonferanse)
- ✓ Leige av t.d Erikstein frå Midt-Telemarksprosjektet til VT for installasjon av programvare
- ✓ Syte for deltakarar på kurset i **internkontroll for informasjonssikkerhet i Larvik i juni** (sendt ut tidlegare – NB: viktig).

Dersom ein har kr **120 000** til rådvelde hadde vi kome langt (20 000 frå kvar kommune).

Programvare må kommunane koste sjølv. Det bør bakast inn i budsjettet til hausten. Samhandlingskoordinator kan vera prosjektkoordinator for Vest-Telemark.

Vest-Telemark har nyleg fått innvilga 500 000 i skjønnsmidlar til opplæring innan PLO. E-meldingsløftet blir det største satsinga innan helse og omsorg på mange år – og vil vera med å styrke eit meir heilskapeleg pasientforløp, der meldingar mellom 1. linetenest og til 2. linetenesta blir eit viktig virkemiddel.

Ein vonar at styringsgruppa for PLO i Vest-Telemark kan avsjå nokre av skjønnsmidlane til dette særskilte arbeidet. Då kan vi vera oppe å gå med e-meldingar i løpet av 2012.

Sissel Jacobsen Bitustøyl
Samhandlingskoordinator for VT og STHF
Tlf 90846178